

Miljø og økonomi Samanhengar før og no



Forfattaren – og statsrevisoren – Arne Garborg reiste land og strand rundt med budskapet til sosialøkonomen Henry George. Den er djupast sett mykje av det same som driv Occupy Wall Street-rørsla som no breier seg i verda. FOTO: KÅRE KLEPPE/SCANPIX

Det går ein raud tråd frå sosialøkonomen Henry George, via Arne Garborg, til dagens samanheng mellom klima- og miljøproblema og det globale økonomiske systemet.

Garborg, klima- og finanskriser

KLIMAMØTET I DURBAN slutta nyleg med fiasko. Mange spør kvifor dette møtet ikkje er samordna med dei mange økonomi- og finansmøta i verda og EU. For når klima- og miljøproblema eigentleg er direkte konsekvensar av det globale økonomiske systemet, av vårt stadig aukande forbruksmønster, av økonomisk tilvekst, var det ikkje då naturleg at møtet i Durban vart flytta til Davos, der World Economic Forum møter om ein måned? I Durban var det ikkje ein einaste finansminister til stades, trass i at det er dei som eigentleg har skapt klimakrisa. Er ikkje det absurd? Er det ikkje også forunderleg at det globale økonomiske systemet ikkje har ein einaste konto for kostnader for bruken av naturressursar, eller kostnader for forureining og rasing av miljøet?

AT VI LENGE har operert ein global økonomi utan å bry oss om økosystemet, dette som er sjølve grunnlaget for all økonomisk verksemd, er eit paradoks som nasjonaløkonomar helst ikkje vil diskutera.

Vert ikkje paradokset ennå større når Arne Garborg (1851–1924) kunne ha stansa galenskapen vi i dag er vitne til? Han arbeidde sine siste 20 år med eit nasjonaløkonomisk system som kunne ha hindra både miljø-, klima- og finanskriser i dag. Ute i verda var han på linje med den unge Winston Churchill i England, med Sun Yat Sen i Kina, Leo Tolstoj i Russland og Henry George (1839–1897) i USA. Økonomistudentar ved høgskular og universitet i Noreg har mest ikkje høyrte om georgismen, om boka «Framsteg og Fattigdom» («Progress and Poverty»), det mest publiserte verket i økonomisk og politisk teori gjennom alle tider. Er ikkje det underleg? At Garborg ar-



Rolf Erik Solheim
Sivillingeniør
og kulturskribent,
Arvika i Sverige

Det var nettopp sosial rettferd hos Henry George som Garborg blei klar over medan han skreiv om brorskapstanken i «Jesus Messias» og oppdaga parallelliteten.

beidde aktivt som Noregs fremste george-ideolog etter at han var ferdig med litteraturen, er det mest ingen som veit i dag.

GARBORG OPPDAGA den amerikanske sosialøkonomen Henry George på den tida han arbeidde med boka «Jesus Messias» i 1905. Som statsrevisor hadde han fått innsikt i mange av dei store offentlege prosjekta i Noreg i 1870- og 80-åra. Han hadde granska sosial rett og rettferd og såg georgismen som ein praktisk tilnærming til brorskapstanken hos Jesus. Georgismen skilde seg nemleg frå både kapitalisme og kommunisme i samtida. Underleg nok har dei fleste Garborg-eksperter misforstått georgismen og held fram Garborg som antikapitalist. Det er som å skulda Kåre Willoch for å vera antikapitalist fordi han kritiserer framferda til kapitalistane. Det var nemleg det Garborg gjorde.

Han skriv i bladet Retfærd i 1908: «Grunnmuren under George-Læra er den gamle Lova: du skal elske din Neste som deg sjølv. Og denne Lova er vel verd å merke seg; ho gjev det einaste Samfunnsgrunnlag som held ut i Lengda.»

PÅ GARBORG'S TID var ikkje økosystemet oppdaga slik vi forstår det i dag, og kretsløpstanken (gjenvinning av avfall og forureining) var ikkje introdusert. I moderne økologisk tenking skal brukte naturressursar returnerast for at naturen skal fornya dei, men dette ligg usynleg og potensielt innbaka i georgismen. Om georgismen hadde vorte innført, ville ei total omlegging av skattesystemet fått styring på forureining, på fattigdom og på rasing av det økologiske mangfaldet slik vi ser det i dag. Pluss stans i uhemma økonomisk vekst som held på å tyna livsgrunn-

laget på planeten. Eit nytt kontosystem kopla til økosystemet ville vore stabilt både mot naturkatastrofar og finansturbulens. Garborg meinte det ville ta 50 år å bygge om Noreg etter ein slik skattemodell. På henrygeorge.org viser «Understanding Economics» korleis denne økonomiske tenkinga ville fungera i dag.

HULDA GARBORG skriv i innleiinga til dagbøkene hans: «Garborg sa ofte at når han ikkje lenger kunde «bli sint» ville livet bli for keidsamt. Som vel var døyddet ikkje evna til indignasjon i han, så lenge han kunne arbeide.»

Ein annan stad i innleiinga skriv ho: «Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøytande, trassig og seig heldt han på med å «hamre inn i folk», at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry George's grunntanke.»

Georgismen retta ein dolk direkte mot hjarta på privilegium og rikdom som ikkje var opptent gjennom arbeid, og det var nettopp sosial rettferd hos Henry George som Garborg blei klar over medan han skreiv om brorskapstanken i «Jesus Messias» og oppdaga parallelliteten. Han drog land og rike rundt og starta George-foreningar, skreiv artiklar, heldt foredrag i Juristforeningen, Studentersamfundet og mange andre stader.

I DAG PROTESTERER Occupy Wall Street nettopp mot sosial urett, mot at dei i prosent som eig det meste i USA, vert berre rikare medan vanleg folk vert fattigare. Ungdom i mange land vert i dag provosert og tek til gatene i den arabiske våren, i protestrørslar i Spania, Hellas, Frankrike, England og Italia. Stéphane Hessels «Bli sint!»

(«Indignez vous!») er ein pamflett som sidan januar i år er spreidd i millionar eksemplar over heile Europa og USA. Den er ei oppfordring til alle unge om å våga tru at verda kan forandrast til det betre – og at vi må stå opp for det vi trur på.

Hessels manifestet liknar mykje på Garborgs «Vaknande spørsmål», som han skreiv i 1915. Garborgs pamflett er sjølv sagt prega av ei anna tid enn vår, men reflekterer nettopp korleis sosial uro oppstår når urett og økonomiske skilnader i samfunnet vert for store. Platon meinte at skilnaden mellom dei rike og dei fattige ikkje burde vera meir enn 4:1. Forholdet mellom gjennomsnittsløna til ein CEO (Chief Executive Officer) – sjefen i ei amerikansk storbedrift – og ein arbeidar i den same bedrifta er i dag 517:1.

ROBERT V. ANDELSON skreiv for nokre år sidan i essayet «The Reconstruction of Capitalism»: «Det finns ei sosialøkonomisk sanning som ber i seg det beste av både kapitalisme og sosialisme. Men, denne sanninga består ikkje av innsikter som er kunstig samanfletta i ein kompromiss. I staden oppstår desse innsiktene naturleg, med ein slags indre logikk, frå den djupe etiske kjerne som er sjølve middelvegen i filosofien til Henry George.»

I lys av dette kan ein spekulera på korleis verdshistoria kunne ha arta seg i det 20. hundreåret om Marx ikkje hadde alliert seg med feil revolusjonær sak, men i staden hadde slutta seg til Henry George.

Er tida er komen for at også ungdom i Noreg kan våga tru at verda kan forandrast til det betre når ein samlar miljø, klima, finans og økonomi til ein heilskap i Arne Garborgs ånd? Noko for Universitetet i Stavanger?